



## Statens vegvesen

Marita Otterå Rykkje  
5392 STOREBØ

Vedlegg 6

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:  
2014/056803-006

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.09.2014

### Førehandstilsøknad med krav til å utbetre eksisterande avkjørsle.

Vi syner til søknaden din dagsett 22. april 2014, vår førehandsuttale dagsett 22. august 2014 og klage dagsett 29. august 2014. Vi har vurdert saka og vil handsame søknaden etter veglova.

#### Vurdering/grunngeving

Fv 546 forbi omsøkte avkjørsle har haldningsklasse 2 i *Rammeplan for avkjørsler og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest*. Godkjenning av utvida bruk av avkjørsler i denne haldningsklassen kan godkjennast der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busslomme og fartsgrense 70 km/t eller lågare. Dette er ikkje tilfelle for omsøkte avkjørsle. I heilt spesielle høve, der det er ei ekstremt dårleg avkjørsle, kan Statens vegvesen vere positiv til utvida bruk under føresetnad av at dei tekniske krava kan stettast, og dette totalt sett gjev ein gevinst for trafikktryggleiken. Statens vegvesen vil i slike tilfelle ikkje godkjenne ytterlegare bruk av avkjørsle etter at denne er utbetra, då det ikkje vil gje ein gevinst for trafikktryggleiken. Omsøkte avkjørsle fell inn under definisjonen ekstremt dårleg avkjørsle, då ho har stigning rett ut frå vegkant.

#### Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for ein bustad under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv 546 hp 7 ved km 10,725/gnr. 59 bnr. 1 i Austevoll kommune.

Vi gjer deg merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Avkjørsle må vere dimensjonert slik at SKL får tilgang med mellom anna mobilkran. Vi set difor følgjande krav:

1. Avkjørsle skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve utover

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

naudsynt grunn- og murarbeid før endeleg godkjent avkøyrsløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Avkøyrslpunkt med frisikt skal opparbeidast som første arbeid, og det skal ikkje gjerast noko anna arbeid før dette er gjort.


2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsl frå offentleg veg, som ligg på lovdata.no
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsl.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 100 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsla må vere minimum 100 meter. Eventuelle planter o.l. i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
5. Svingradius skal vere 12 meter (diameter 24 meter). Minste breidde i avkøyrsla skal vere 6,5 meter. Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant.
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil gjere merksam på at det krev store inngrep på tilkomstvegen for å tilfredsstille dette kravet.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
8. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr med diameter minimum 300 mm og tilhøyrande kummar. Røyrret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsla får eit fall på minimum 1:6.
9. Dei to eksisterande avkøyrslene må samlast i ei avkøyrsl, sjå vedlagt skisse.
10. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til [bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no).

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava, vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing


  
Odd Høydalsvik  
sjefsingeniør

  
Anne Marta Espelund

3 vedlegg

Kopi: Grunneigar: Oddvin Inge Otterå, 5392 Storebø  
Austevoll kommune, [postmottak@austevoll.kommune.no](mailto:postmottak@austevoll.kommune.no)


## PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)


Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå


### Krav til svingradius for avkjørsla :



### Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:







Avkjørsle, Otterå i Austevoll kommune  
Fv 546 hp 7 km 10,725 - parsell av gnr. 59 bnr. 1  
Saksnr.: 2014/056803-008  
12.09.2014  
Målestokk 1:500  
Statens vegvesen